

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen  
nasjonalparkstyre**  
**Møtested:** E-postbehandling  
**Dato:** 27.04.2016  
**Tidspunkt:**

---

Eventuelt forfall må meldes snarast på tlf. 94880564. Vararepresentanter møter etter nærare beskjed.

Med helsing

Kari Sveen

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Bruk av snøskuter frå Juvasshytta over Styggbreen for NRK-sending frå 17. mai-markering på Galdhøpiggen - NRK		2016/2818
ST	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone i Hurrungane - Capture Drone Solutions		2016/2882

Arkivsaksnr: 2016/2818-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 25.04.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre		27.04.2016

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Bruk av snøskuter frå Juvasshytta over Styggbreen for NRK-sending frå 17. mai-markering på Galdhøpiggen - NRK**

### **Forvaltar si innstilling**

NRK får med heimel i naturmangfaldlova § 48 dispensasjon frå verneforskrift for Jotunheimen, jf. verneforskrifta § 4, for bruk av snøskuter i samband med filmopptak for innslag frå markeringa av 17.mai på Galdhøpiggen til den landsomfattande TV-sendinga på nasjonaldagen. Galdhøpiggen ligg i eit område av nasjonalparken utan spesielt sårbare verneverdiar, og er i ein sone i forvaltningsplanen der det er opna for ein del bruk.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld transport av filmutstyr/personell med ein snøskuter frå nasjonalparkgrensa ved Styggebreen og inn til foten av Galdhøpiggen ved Piggeura den 17. mai 2016.
- Omfanget av snøskuterkjøring innan nasjonalparken må avgrensast til det som er strengt nødvendig for å gjennomføre gode filmopptak på ein effektiv måte.
- Løyvet gjeld for 17. mai 2016.
- Filmopptak som blir vist i produksjonen skal ikkje vise motoriserte framkomstmiddel, men formidle arrangementet, som i seg sjølv blir gjennomført utan motoriserte hjelpemiddel.
- Det skal sendast ei enkel tilbakemelding på e-post med oppsummering av gjennomføringa innan ei veke etter at oppdraget er gjennomført.

## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post av 21.02.16 frå NRK v/ journalist Camilla Øyen Langfeldt
- Tilsvarande løyve i 2006, brev av 12.05.2006 frå Fylkesmannen i Oppland til NRK

NRK har søkt om skutertransport frå Juvasshytta til foten av Galdhøpiggen for filming av eit innslag til den store, landsomfattande TV-sendinga på 17.mai.

Journalist Camilla Øyen Langfeldt frå NRK skriv m.a. følgjande i søknaden:

*« - - - i år har vi svært lyst til å kunne rapportere live fra toget opp til Galdhøpiggen og på toppen. Vi har trent fotograf og reporter, men siden utstyret er ganske tungt og vi ønsker å filme toget når det går oppover ville det vært til stor hjelp å få skutertransport på deler av strekningen. Håper vi kan få tillatelse til dette.»*

I telefonsamtale med journalisten kom det fram at dei er klar over at ein del av turen uansett må foregå til fots, men det er problematisk å få formidla 17.maitoget undervegs over breen mot Galdhøpiggen og samtidig vera klare til filming når deltakarane kjem til toppen. Dei har derfor behov for noko raskare transport av det tunge utstyret enn dei kan greie å få til manuelt.

Også i 2006 hadde NRK innslag frå 17. mai-vandringa frå Juvasshytta og opp på Galdhøpiggen, og reportasjen inngjekk i den landsdekkande sendinga for 17. mai-feiringa same dag. Også i dette tilfellet vart det gjeve dispensasjon frå verneforskrifta.

Ein viser til følgjande utdrag av vurderingane for dispensasjonen som vart gjeve i 2006:

*« - - - Motorferdselsforbudet håndheves strengt i nasjonalparken. Det er et mål å begrense motorferdselen til et minimum. Nasjonalparken er opprettet for å verne om et urørt og vakkert fjell-landskap bl.a. som arena for et enkelt og lite ressurskrevende friluftsliv. Motorferdsel er derfor i direkte konflikt med dette formålet og vil være særlig konfliktfylt i dager med høy utfart, som for eksempel 17. mai, da mange ønsker å gå på tur til Galdhøpiggen.*

*Med bakgrunn i de tidsmessige sikkerhetsmarginer NRK må ha for å få gjort opptakene og videresendt disse for sending samme dag, har vi forstått at dette er vanskelig.*

*Vi ser dekningen av 17. mai-feiringen på Galdhøpiggen som et enkeltstående foretak. Vi ser det som positivt at Jotunheimen nasjonalpark, Galdhøpiggen og friluftslivet blir profilert i riksdekkende sending på en slik dag, men er samtidig betenkt over den forstyrrelsen dette innebærer for de mange som går på tur i området denne dagen. - - -»*

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

Verneforskrifta for Jotunheimen NP § 3, pkt. 6.1 set forbod mot motorferdsel.

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 4 vurdere dispensasjon i særskilde tilfelle:

*§ 4. Generelle dispensasjonsreglar*

*Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.*

For tilfelle nemnd i verneforskrifta § 4 gjeld naturmangfaldlova § 48, som set slike rammer for kva unntak som kan vurderast:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er *«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- *Særprega geologiske førekomstar*
- *Leveområde for villreinen*
- *Kulturminne.*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Det må vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett.

### Naturmangfaldlova

§ 48 jf. § 77 opnar for dispensasjon for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig. Begge vilkår må være oppfylt.»* Det betyr ikkje at dispensasjon *skal* gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Vurdering av verknad på naturmangfald, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av området er bra. Bruk av ein snøskuter frå Juvvasshytta og over Styggebreen for å filme dei som går vil i liten grad påverke dyrelivet eller vera til sjenanse for det allmenne friluftslivet. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy i eit avgrensa tidsrom, og det er truleg relativt få andre enn dei som deltek på det aktuelle 17. mai-arrangementet som ferdast her denne dagen.
- Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men avgrensa bruk av snøskuter knytt til eit spesielt arrangement ein kort periode i dette området vil neppe kunne gje utilsikta verknader på naturmangfaldet.
- Etter § 10 *“Økosystemtilnærming og samlet belastning”* skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel, og ein prøver å skilje mellom rein reklame og private fritidsaktivitetar på den eine sida og tiltak med fagleg forankring og/eller ein allmenn nyheitsprofil på den andre

sida. 17. mai-markering er ein aktivitet av allmenn interesse, og spørsmål om filming er berre aktuelt med fleire års mellomrom. Samla belastning blir såleis lita.

- § 11 om «*kostnadene ved miljøforringelse*» er lite relevant her.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Planlagt filmproduksjon vil ikkje kunne gjennomførast utan bruk av snøskuter pga tidsaspektet med direkte opptak av ei hending som skal formidlast same dag. Hjelpemiddelet er nødvendig for å få ein effektiv produksjon med høg kvalitet på opptak. Tiltaket vil ikkje setja varige spor, men vil gje litt støy i eit avgrensa tidsrom.

Påverknaden må i første rekkje vurderast opp mot allmenta sine «*høve til uforstyrra naturoppleving*» - jf. siste ledd i formålsparagrafen. Det er svært få andre enn dei som deltek på sjølve arrangementet som vil merke trafikken.

Det å delta på eit slik stort fellesarrangement inneber at ein ikkje først og fremst oppsøker området denne dagen for å vera for seg sjølv, og ein viser til erfaringa med førre filmopptaket av 17.-maitoget til Galdhøpiggen.

I tilbakemeldinga frå 2006, ved e-post frå NRK til Fylkesmannen står m.a.:

Vi har fått utelukkende positive tilbakemeldinger, både fra næringsliv og befolkning i Lom. Også deltakerne i landets høyeste 17. mai-tog synes det var flott at rapportene kom med i 17. mai-sendinga.

Forvaltningsstyremakta må vidare vurdere konsekvensar av ein dispensasjon, t.d. om andre kan tenkjast å søkje dispensasjon på same grunnlag. Filming av eit slik arrangement er først og fremst interessant for kanalar med brei nyheitsformidling, da det ikkje er knytt opp mot reklame eller sponsorverksemd. Det er få slike aktørar, og ein ser ikkje fare for uheldig presedens her.

### **Konklusjon:**

Styret for Jotunheimen nasjonalpark forvaltar eit område med store nasjonale verdjar. Som landets høgaste fjell har Galdhøpiggen ein særleg symbolverdi, som kan vera verdfull å dele med heile landet gjennom formidling av dette spesielle arrangementet på nasjonaldagen. Avgrensa bruk av ein snøskuter blir ikkje vurdert å påverke naturmangfaldet, og når det gjeld høvet til uforstyrra naturopplevingar støttar vi oss til erfaringane frå førre 17.mai-arrangementet som vart filma. Erfaringane frå 2006 tyder på at det er lite sannsynleg at brukarane vil oppleve filminga til NRK som sjenerande.

Arkivsaksnr: 2016/2882-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 25.04.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre		27.04.2016

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone i Hurrungane - Capture Drone Solutions**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, § 3 pkt 7.2, avslår Arbeidsutvalet for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknad om dispensasjon for bruk av drone til filming under High Camp i tidsrommet 28. april – 1. mai 2016. Tiltaket blir ikkje vurdert å vera i samsvar med vilkår sett i naturmangfaldlovas § 48 som krev at dispensasjon berre kan gjevast for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig. Begge vilkår må være oppfylt.»* Villreinstammen i Vest-Jotunheimen er sårbar, og føre-var-prinsippet tilseier at eit tiltak som kan bidra til auka trafikk til området må få ei grundigare vurdering enn det ein kan få til når søknaden kjem ei veke før arrangementet.

Filminga kan heller ikkje karakteriserast som tiltak av stor samfunnsmessig verdi, jf. krava i nml § 48. Eventuell opning for nye aktiviteter i det sårbare området for villreinen i Vest-Jotunheimen må skje i nær dialog med villreinnemnda og i tråd med overordna føringar gjevne i ein forvaltningsplan. Revisjon av forvaltningsplanen pågår, og både villreinnemnda og aktuelle brukarar vil verta involvert i dette arbeidet i året som kjem

### **Saksopplysningar**

Saksdokument:

- Førespurnad om dronebruk ved e-post 21. april 2016 frå Capture Drone Solutions
- Førebels svar av 22.04.16 frå nasjonalparkforvaltar Magnus Snøtun
- Søknad av 24.04.16 frå Capture Drone Solutions v/ Vegard Byrkjeland Aasen
- Vidaresending av e-post til saksbehandlar med tilleggsopplysningar 25.04.16

Capture Drone Solutions v/ Vegard Byrkjeland Aasen søker om å få bruke drone i området rundt Hurrungane for filming under Highcamp 2016 som blir arrangert i tida 28. april - 1. mai. I søknaden står m.a.:

*«Filming under High Camp ikkje berre er filming av skikøyring for vår eigen del. Oppdraget vårt er å filme arrangementet, både frå bakkenivå, og med drone. At skikøyring kan filmast andre stader, som ikkje er verneområde, er sjølvstansant. Men ikkje under High Camp, då all skikøyringa knytt til festivalen føregår i Hurrungane.*

*Me opererer som RO1-operatør. Drona vår er ein 3dr Solo (<https://3dr.com/solo-drone/>), ei lita drone som lagar minimalt med stø. Støymessig kan den samanliknast med ein hårfønar. Droner er ikkje regulert under motorferdsellova, og blir ikkje karakterisert som luftfartøy, og fell då ikkje under punkt 6.1 i forskrift for Jotunheimen nasjonalpark, som var det einaste punktet eg fann som dronedeflyging kan falle inn under. Det er og spesifisert av luftfartstilsynet at dronedeflyging ikkje er modellflyging.*

*Som du skriv i utkastet til forvaltningsplanen, så er villrein og rovfugl dei mest sårbare artane i det aktuelle området. High Camp er eit arrangement i regi av Fri Flyt. Under High Camp vil det vere over 600 festivaldeltakarar i fjella rundt Turtagrø. Eg synst det er merkeleg at det blir gitt løyve til eit så stort arrangement i fjella, men ikkje blir gitt løyve til å filme det med drone, då dette neppe vil skape eit større uromoment i fjella denne helga.*

*Angående "allmenn-nytte-verdien", så meiner eg at High Camp i høg grad er eit arrangement som er god reklame for nasjonalparken og området rundt. Arrangementet trekk til seg folk frå heile landet, og filmen frå festivalen blir sett av fleire tusen skiinteresserte nordmenn. Filmen fra High Camp er meir ein marknadsføring av destinasjon, enn ein skifilmproduksjon.*

*I fjor vår var både Falkeblikk og Field Productions i Hurrungane og filma med drone. Falkeblikk for å filme ein Bergansreklame, og Field Productions for deira neste skifilm. Eg kan ikkje sjå grunnen til at me ikkje skal få løyve i år, når dei fekk det i fjor vår. Den filminga dei gjorde er veldig lik den me kjem til å gjere i år, og neppe til meir allmenn nytte enn filmen me skal lage fra festivalen.*

*Me kjem til å ha med drona til festivalen for å filme utafor nasjonalparkgrensa. Eit løyve til å flyge inne i nasjonalparken hadde vore til stor hjelp for oss. Det er ikkje snakk om å gå djupt inn i nasjonalparken, der det er moglegheit for å møte på villrein denne helga. Konkret ynskjer me å filme på Dyrhaugsryggen, Lauvnostind, Soleibotntind og Austabotntind. Om me berre hadde fått lov til å filme på nokre av desse toppane, hadde me blitt glade.»*

I første førespurnad blir det også kasta inn ein tanke om å filme villrein med drone for å kartleggje reaksjonar på denne aktiviteten. Dette må eventuelt setjast i ein større samanheng i samarbeid med aktuelle forskarmiljø og med god involvering av villreinnemnda, og blir ikkje nærare kommentert i denne omgang.

Nasjonalparkforvaltar Magnus Snøtun har gjort greie for gjeldande regelverk og pågåande arbeid med forvaltningsplanen ved e-post til søkjar den 22.04.16.

Søkjar kjem med tilleggsopplysningar i e-post av 25.04.16 der det blir vist til at jurist i Miljødirektoratet ikkje tolkar ei verneforskrift slik at det gjeld eitt generelt forbod mot



dronar i nasjonalparken, men dette gjeld eit anna verneområde og har såleis ikkje direkte overføringsverdi for Jotunheimen.

Referansen om tilsvarande løyve som skal vera gitt til andre aktørar for vår stemmer ikkje, da forvaltninga ikkje har motteke søknader frå nokon av desse aktørane. Vi veit heller ikkje om deira flyging skjedde innan vernegrensene. Det er generelt noko mangelfull kunnskap om regelverk knytt til dronflyging i verneområde, og det vil ta tid før ein får utvikla forvaltningspraksis for nye element.

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da denne lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «*modellfly og liknande*» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «*og liknande*» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig. Begge vilkår må være oppfylt.*»

Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

«*å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *- - - -*
- *Leveområde for villreinen*
- *- - - - -*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så modellfly er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

## Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ein del slike saker i norske nasjonalparker, og fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Indirekte vil likevel filmopptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ effekt ved at sårbare viltartar blir utsett for forstyrningar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året. I dette tilfellet viser søkjar til at filminga vil vera ei marknadsføring: «*Arrangementet trekk til seg folk frå heile landet, og filmen frå festivalen blir sett av fleire tusen skiinteresserte nordmenn. Filmen fra High Camp er meir ein marknadsføring av destinasjon*».

Nasjonalparkforvaltninga må i høve til tiltak for å fremme marknadsføring ha ei bevisst haldning til kva område som toler auka trafikk og kva område som er sårbare overfor auka aktivitet. Hurrungane og villreinområdet er i forvaltningsplanen vist som teig utan ny tilrettelegging eller inngrep, og i omtalen står m.a.: «*Hurrunganeområdet er viktig for villreinen. Det er difor viktig at det ikkje vert gjennomført tilretteleggingstiltak som fører til auka ferdsel, og at tiltaka medverkar til at ferdsla held seg på faste stader.*» Marknadsføring vil trekkje fleire folk til området. For bevaring av verneverdiane i eit langsiktig perspektiv må ein ta ei overordna vurdering av samla påverknad, framfor å gje enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Ein bør derfor unngå område og tider med stor utfart, og det kan såleis vera naturleg å prøve å unngå flyging på helg. I dette tilfellet er filming planlagt innan eit mykje nytta friluftsområde, og vil vera knytt til dei som er på High Camp. Desse vil neppe oppleve filminga som problematisk. Det stemmer også, som søkjaren viser til, at aktiviteten knytt til arrangementet utgjer høgare grad av uroing enn det som er knytt til ein støysvak drone. Likevel vil opning for ein ny aktivitet kunne bidra til uheldig presedens ved at svært mange vil ønskje å bruke drone til filming innan nasjonalparken.

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er ganske bra når det gjeld villrein, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Rovfugl er heller ikkje tilfredsstillande kartlagt i denne delen av verneområdet. Dronefilminga isolert sett har kanskje ikkje vesentlege negative effektar ut over den påverknaden som

fugl og vilt i området allereie vil vera utsett for pga. høg aktivitet og stor ferdsel knytt til det etablerte arrangementet. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Forvaltninga har ikkje detaljert kunnskap om rovfugl, så føre-var-prinsippet talar mot eit løyve. Ut frå ei økosystemtilnærming (§ 10) er det viktig å følgje utviklinga, og ta opp temaet ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruken av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og bør ikkje tillast for reint personleg bruk som filming for utlegging av videosnuttar av seg sjølv og vennegjengen på YouTube, sosiale media o.a. Søkjar meiner at filming av HighCamp må vurderast annleis enn privat filming av enkeltpersonar, men også den omsøkte bruken er knytt til rein fritidsaktivitet utan særleg nytteverdi for andre enn dei som er innan miljøet. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing der kostnader til utbetring bør dekkjast av tiltakshavar, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, men her synest ikkje vilkåra i naturmangfaldlovas § 48 å vera til stades.

### **Konklusjon**

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein ikkje tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande før ein har fått vurdert aktiviteten nærare i samråd med villreinnemnda. Med søknad berre ei veke før arrangementet vert det ikkje tid til tilfredsstillande saksbehandling og involvering av villreininteressene. Det vil bli arbeidd vidare med dette spørsmålet gjennom utforming av forvaltningsplanen som nå er under revisjon.

Filminga vil truleg ha ein viss marknadsføringseffekt, og dette kan vera positivt for verksemdene i området. Men også filming utanfor nasjonalparkgrensa kan tilfredsstillende dette behovet. Ein kan heller ikkje sjå at eit tiltak som kan medverke til å auke deltakartalet på High Camp er foreinleg med dei sårbare verneverdiane i området. Den vesle villreinstammen i Vest-Jotunheimen er sterkt pressa, og er sårbar overfor uroing på våren. Ei marknadsføring av området som trekkjer enda fleire til High Camp kan påverke verneverdiane og såleis vera i strid med naturmangfaldlovas § 48 som seier at dispensasjon i medhald av denne regelen berre er aktuelt for tiltak som ikkje er i konflikt med verneformål eller kan gå ut over nokon av dei definerte verneverdiane. Føre-var-prinsippet tilseier også at ein må skaffe meir kunnskap om verknadene før ein kan gje klarsignal for nye aktivitetar innan dei sårbare områda av parken.